



NVE Region vest  
postboks 6801  
6801 FØRDE

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6750 - 18/36651

Saksbehandlar:  
John Bauge  
John.Bauge@lindas.kommune.no

Dato:  
06.12.2018

## Industrivassforsyning til Mongstad, vedtak om konsesjon for regulering av fleire vatn for tilleggsforsyning av industrivatn og drikkevatt til Equinor AS

Konsesjon frå NVE vart gjeven i vedtak 08.03.2016. Eit vilkår er at arbeidet skal vera starta innan 3 år, dvs. medio mars 2019.

Skjønnsretten i konsesjonssaka vart halde i slutten av oktober 2018. Årsaka var m.a. at kommunen søkte om planendring for det eine vatnet, Tykkhellervatn, og at planendringa måtte på høyringsrunde. Vedtak vart fatta av NVE i skriv datert 24.08.2018. Ein kom heldigvis til minnelege, frivillege avtalar med dei aller fleste grunneigarane. Nokre få ville at skjønnsretten måtte avvise saka, (Eidsvatn), noko retten ikkje fann grunn til.

Lindås kommune har problem med å overhalda treårs fristen i høve konsesjonsdato for igongsett arbeid. Kommunen kan likevel starta eit mindre arbeid som del av utbygginga. Det gjeld ei vesentleg oppgradering av eksisterande overføringssystem frå Eidsvatn. Deler av det arbeidet vert bygt som permanent anlegg, og ein kan og starta bygging av tilførselsvegar, som del av hovedprosjektet.

Me har ellers langt på veg fått ein avtale om stegvis utbygging med avtalepart Equinor Mongstad AS, med utbygging frå Tykkhellervatn som fase 1, og anleggsarbeidet frå Eidsvatn.

Vårt spørsmålet er om oppgraderinga av overføringssystemet frå Eidsvatn m.m. som vi planlegg å starta i februar 2019, kan tilfredstillast kravet om arbeid igongsett innan 3 års fristen?



Når det gjeld utbygginga av Tykkhellervatn, kan nok det tidlegast starta hausten 2019, pga. tid for prosjektering,søknader, anbudsinnhenting og tildeling m.m.

Med helsing

Atle Dingen  
einingsleiar

John Bauge  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

NVE Region vest

postboks 6801

6801

FØRDE